



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2026/4900 - 432.2

Dato 03.06.2026

Innkalling til styremøte 15.06.26

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Måndag 15.06.26
Stad: Skinnarbu

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller kristian.herregarden@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|--|
| Sak 6/26 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 7/26 | Saksframlegg:
Søknad om motorferdsel i Brattefjell-Vindeggen LVO - ATV på barmark -
Nåpåtjønn 2 i Hjartdal kommune – Andres Ryen |
| Sak 8/26 | Referatsaker |
| Sak 9/26 | Eventuelt |
| Sak 10/26 | Neste møte |



Sak 7/26

Søknad om motorferdsel i Brattefjell-Vindeggen LVO - ATV på barmark - Nåpåtjønn 2 i Hjartdal kommune – Andres Ryen

Kort om saka

Andres Ryen søker om løyve til motorferdsle med ATV i samband med køyring til hytte på eiga eigedom på gnr. 21 bnr. 2, Nåpåtjønn 2 ved Systebulidalen i Hjartdal kommune.

Føremålet med transporten er ettersyn, drift og vedlikehald av eigedomen. Søklar opplyser om at det køyrast etter slepa inn til området. Det er søkt om 10 årlege turar i tidsromet 2026 – 2031.

Hjartdal kommune ber om at søknaden om barmarkskøyring vert handsama etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedlegg

- Søknad, dagsett 08.05.26 (2026/5921-1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2017.
- Lov om motorferdsle i utmark og på islagde vatn.
- Forskrift om forbod mot motorferdsel i spesielt sårbare områder i Brattefjell/Vindeggenområdet, Seljord, Hjartdal, Tinn og Vinje kommunar, Telemark.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfoldloven

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- "Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høg fjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er utgangspunktet at "Området skal vere verna mot alle inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter.", jf. punkt. 1. Punkt. 1.4 seier at "Motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta. All motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmaende markskader, hjulspor ol."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går og fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.



Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

Etter NML § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket eller aktiviteten vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering


Andres Ryen søker om løyve til motorferdsle med ATV i samband med køyring til hytte på eiga eigedom på gnr. 21 bnr. 2, Nåpåtjønn 2 ved Systebulidalen i Hjartdal kommune.

Søklar grunngjev at føremålet med transporten er ettersyn, drift og vedlikehald av eigedomen. Søklar opplyser om at det køyrast etter slepa inn til området. Det er søkt om 10 årlege turar i tidsromet 2026 – 2031.

All motorferdsle skal gå føre seg i tråd med lov og føresegner for motorferdsle i utmark og på islagde vatn, med dei avgrensingar som ligg i verneføresegna. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldlova, er det strengare reglar for motorisert ferdsle enn det som følgjer av motorferdslelova/nasjonale føresegn.

I verneføresegna for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde står det i kapittel 4 punkt 1.4 at motorferdsle skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltningsstyresmakta, og at all motorferdsle skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varige skjemmaende markskadar, hjulspor og liknande.

Traseen følgjer i sin heilskap vedteken snøskutertrasé jf. forvaltningsplanen. Ut i frå kart lagt ved i søknad, visast det at traseen som skal nyttast for ATV på barmark er same som godkjent køyretrase vinterstid. Det som derimot er viktig å merke seg er at desse godkjente traseane må forståast som løyvde for vinterbruk (snødekt mark) eller uttransport av felt elg og hjort. Det betyr at all anna motorferdsle som går føre seg på barmark vil krevja dispensasjon etter NML § 48.



Kartutsnitt som syner køyetrase.

Det gjeng i dag ei køyreslepe/traktorveg inn til eigedomen. Den er og teikna på kart i forvaltingsplan som slepe for uttransport av felt elg og hjort samt snøskutertrase. Skal ein til dømes køyre ATV, traktor og liknande etter slepa, må ein likevel ha godkjenning frå verneområdestyret for transporten. I verneforskrifta kap. 4 punkt 1.4 heiter det at motorferdsel skal gå føre seg etter faste ruter som peikast ut av forvaltingsmyndigheita. All motorferdsel skal gå føre seg slik at det ikkje oppstår varig skjemmande markskader, hjulspor og liknande. Verneområdestyret er svært restriktive, og har ein streng praksis når det gjeld barmarkskøyring i verneområdet.

I dette høvet gjeng det ei traktorslepe heilt inn til hytta, noko som gjer at ein truleg får mindre køyrespor, skader og slitasje på terreng og landskap enn om det var urørt terreng. Samstundes er det slik at bruk av ATV, traktor og liknande i verneområdet i hovudsak gjeld for uttransport av felt elg og hjort etter traseane i forvaltingsplan. Det kan i nokre tilfelle nyttast for arbeid og transport i samband med dokumenterte og godkjende tiltak eller aktiv stølsdrift.

Føremålet i dette høvet er ettersyn, drift og vedlikehald av eigedom. Forvaltar vurderer at oppgjevne føremål ikkje kan reknast som eit særleg behov. Det må i slike høve dokumenterast at ein har særlege behov for barmarkstransport, som ikkje kan dekkast på annan måte. Det er søkt om 10 årlege turar i ein 6-års periode, noko som er omfattande.



Søkjær har nyleg fått tillating av verneområdestyret til eit terrenginngrep ved hytta samt barmarkstransport med landbrukstraktor i samband med arbeidet. Dette løyvet gjeld fram til 31.12.2026 (2026/4895-3). Barmarkstransport i samband med slikt tiltak kan reknast som eit særleg behov, og kan i visse høve gjevast tillating viss det gjeng føre seg så det ikkje oppstår varige markskader eller hjulspor.

Søkjær har av verneområdestyret også fått snøskuterløyve inn til eigedomen, som gjeld fram til 01.04.2027.

I denne saka er det snakk om barmarkskøyning, og det vil difor vere ein overhengande fare for at aktiviteten nettopp vil skape hjulspor og markskadar, sjølv om det ligg ein slepe der i dag. I tillegg til eventuelle køyreskader, må ein i samband med slik transport alltid hugse på moglege konsekvensar for villreinen og anna dyre- og fugleliv. Korkje traseen eller hytta i Systebulidalen ligg i det som er definert som kalvings- eller vinterbeiteområde, men traseen ligg delvis i det som er definert som villreinområde i Brattefjell-Vindeggen.

Forvaltingsplan og verneforskrift seier at motorferdsle ikkje skal føre til varige markskader. Når det gjeld ATV-transport i verneområdet er det i utgangspunktet berre opna for uttransport av felt elg og hjort etter fastsette ruter som er peika ut av forvaltingsmyndigheita, eller nyttekøyning etter etablert veg/køyretrase når det er eit særleg behov som ikkje kan dekkast på annan måte, og som ikkje knyt seg til turkøyning/persontransport. Barmarkskøyning kan altså berre tillast i heilt spesielle tilfelle på grunn av dei store terrengskadane det kan gje.

Forvaltingsmynde har forståing for søkjars ynskje og føremål med transporten, men ettersyn, drift og generelt vedlikehald er ikkje grunnlag for å gje løyve til slik motorferdsel i utmark som det søkjast om dette i høve. På grunn av dei store og varige terrengskadane slik køyning kan gje, skal barmarkskøyning berre tillast i heilt spesielle tilfelle knytt til naudsynt nyttetransport og ikkje persontransport. Difor er reglane for køyning på barmark strengare enn på snødekt mark. Naudsynte transportar bør i størst mogleg grad gjerast på snø. I områder som er verna i medhald av naturvernlova/naturmangfaldslova er det ofte strengare reglar for motorisert ferdsle enn i nasjonal forskrift. I dette høvet har ikkje forvaltingsmyndigheita heimelsgrunnlag for å kunne gje løyve til ATV-transport som det søkjast om. I dette høve får søkjær løyve til vintertransport frå verneområdestyret og kommunen, i tillegg til at verneområdestyret også har gjeve eit avgrensa løyve til motorferdsel på barmark i samband med tiltak ved hytta.

Når det kjem til barmarkskøyning, meiner verneområdeforvaltninga at det er ekstremt viktig at ein har ein restriktiv forvaltningspraksis der omsyn til forstyrning og køyreskader skal gå framfor det meste anna. Med mål om å halde motorferdsle på eit lågast mogleg nivå, vil det sitte langt inne å gje løyve til barmarkstransport i slike høve. Det er ikkje praksis å innvilge søknadar om slik barmarkstransport i verneområdet, og viss ein fyrst startar opp ein slik uheldig praksis vil presset bli stort frå fleire hald.

Sett i samanheng med anna motorferdsel og samla påverknad i verneområdet, vil ein ved å tillate barmarkskøyning som i dette høve, truleg få ei høgare samla belastning på området. Det vil truleg vere ei mindre belastning og påverknad på terreng og verneområdet om nyttetransport til eigedommar blir gjennomført vinterstid etter godkjente køyretrasear.

I denne saka skal det køyrast etter ein trasé som ut i frå kart og flyfoto kan sjå ut som ein enkel slepe/traktorveg. Likevel er det slik at forvaltingsmynde vurderer det slik at søkjars behov og føremål med barmarkstransport med ATV ikkje er tilstrekkeleg for at det kan gjevast løyve til slik motorferdsle som det søkjast om. Det er strenge krav til barmarkstransport etter «særlege behov» i motorferdselslova, mellom anna at behovet ikkje skal kunne dekkast på annan måte. I dette høve



vurderast det slik at transportbehovet ikkje er å rekne som særleg behov som ikkje kan dekkast på annan måte.

Med mål om å halde motorferdsle på eit lågast mogleg nivå, vil det sitte langt inne å gje løyve også til barmarkstransport i slike høve. Det er ikkje praksis å innvilge søknadar om slik barmarkstransport i verneområdet, og viss ein fyrst startar opp ein slik uheldig praksis vil presset bli stort frå fleire hald.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Andres Ryen avslag på søknad om barmarkstransport med ATV etter trasé teikna inn på kart lagt ved søknad dagsett 08.05.2026.

Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 1.4 og naturmangfaldslova § 48.

Det er klagerett på avgjerda. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Andres Ryen

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.